



REFERAT frå sokneråd
for Kviteseid Sokn
Onsdag 26. august 2020, kl.18.00-21.00
Stad: Kommunestyresalen

Innkalla

Marit Gotuholt, leiar, Marit Sørby, nestleiar, Vidar Syrtveit Mikalsen, Unni Snaunes, Dagfinn Køhn, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Sigrun Garvik Moen og Vigdis Helene Bruhaug (1. vara). Møyfrid Lunde, sokneprest, Bjørn Nordskog, kommunerepresentant og Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Fråfall: Toralf Grave og Kristen Salmelid (delar av møtet)

Ekstra innkalla til sak 44/20: Sigrunn Egeland frå trusopplæringsutvalet, og Knut Ove Lofstad, ny trusopplærar

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Vi rettar ein takk for serveringa til Unni Snaunes

Oversikt over saker:

SR-sak 40/20	Innkalling og saksliste
SR -sak 41/20	Post og meldingar
SR -sak 42/20 (FR)	Forslag driftsbudsjett 2021
SR -sak 43/20 (FR)	Forslag investeringsbudsjett 2021 og investeringsplan 2021-2025
SR -sak 44/20 (SR)	Trusopplæringsplanen
SR -sak 45/20	Eventuelt

SR-sak 40/20	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet er sendt ut på e-post 17.08.2020 til alle medlemmer av Kviteseid sokneråd. (varamedlemmer, revisor og prost får kopi til orientering)		
Merknader til innkallinga eller sakslista?		
Forslag til VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 17.08.2020 er godkjend. Sakslista er godkjend.		
VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 17.08.2020 er godkjend. Sakslista er godkjend.		

1. AU hadde møte 10. august og handsama sakene som SR har fått på bordet i dag. Referatet i heilskap ligg ved til orientering. Her er orienteringssakene:
 - a. AU-sak 14.20: Driftsrapporten for første halvår 2020 viser eit samla overskot (mindreforbruk) på kr 278.000 kr. Det er eit resultat av mellom anna at konfirmantleiren i juni ikkje vart arrangert (innsparing), og at festeavgifter er fakturert tidlegare enn vanleg. AU tok rapporten til orientering.
 - b. AU-sak 17.20: Soknet har fått tilsendt ei høyring vedr. ny økonomiforvaltning i Den norske kyrkja. AU ser på dette som ei orienteringssak. Uttale frå SR i Kviteseid vil ha liten innverknad samanlikna med dei mange andre høyringsinstansane. SR kan likevel til dømes be Gudrun Nordbø Venås sjå om det er noko ho finn verd å kommentera, og då eventuelt sende dette til kyrkjeoverja for vidareformidling. Marit Sørby har ikkje funne noko som ikkje er greitt. (Sjå meir om høyringa i AU-referatet vedlagt)
 - c. AU-sak 19.20: Kommunen si dataavdeling er lagt til Vinje. Dei ynskjer å ta over drift og support av soknet sitt datautstyr. Det kan vere tenleg for kyrkjekontoret òg. Viss kommuneleiinga godkjenner det, må dette inkluderast i Tenesteytingsavtala som no skal reviderast.
2. Biskopen har godkjent SR sitt justerte utleigereglement.
3. Arbeidet på tak og våpenhus på Kviteseid gamle kyrkje er i gang. Det skal vere ferdig med rapport innan 15. okt. for at Riksantikvaren skal kunne utbetale tilskotet på inntil kr 420.000. Vi vurderer òg å søkje Riksantikvaren om å få laga og setja opp takrenner (av malmfur, med kopar innvendig) for å skåne dei kalka veggene for slitasje.
4. Nytt flistak på Brunkeberg kyrkjetårn blei ferdig før sommaren.
5. Carport ved bårehuset i Kviteseid og renovering av toaletta der, nærmar seg slutføring.
6. Arbeid med blyglasa i Kviteseid har det ikkje skjedd noko med så langt i 2020. Det er framleis von om å få to store sidevindauge renoveret dette året. Det er nyleg bekrefta av han som gjer arbeidet.
7. Arbeidet med ny kyrkjeleg organisering er i gang. Det skal ende med at alle tilsette i soknet (dagens fellesrådstilsette og prestane) skal ha ein felles arbeidsgjevar. Om det vert soknet eller eit av dei andre nivåa i dag (fellesråd, prosti eller bispedøme) skal mellom anna fastsetjast. Som eit ledd i dette er tilsette inviterte til å vera med på to innspelsmøte:
 - a. Kyrkjeoverjer og prost deltek på eit nettmøte 27.august
 - b. Tilsette lokalt kan vere med på eit nettmøte på YouTube 10.sept.
8. AU snakka litt om sletting av graver og fjerning av gravsteinar, og korleis dette vert praktisert. Dette kan det godt skrivast noko om i Kyrkjebladet. Soknerådet skal ha ein verneplan for alle gravplassane. Når den blir utarbeidd, kan det vere naturleg å involvere til dømes Historielaget.
9. Den store grasklypparen har i fleire år, og særleg dette året hatt mange reparasjonar. Mens vi vurderte å byta klyppar før neste sesong, kunne vi fått kr 10.000 for den gamle. I slutten av juli stoppa den med øydelagt girkasse. Reparasjon vart anslått til kr 15.000. Kyrkjeoverje og kyrkegardsarbeidar vurderte saka slik at ny klyppar vart bestilt. Kostnad kr 70.000 etter momsrefusjon. Vi fann ingen betre prisar på nett enn tilbodet frå Kviteseid Motorservice. Nå får vi truleg ingenting for den gamle.

Ekstra inninformasjon lagt til etter møtet av di kyrkjeoverja ikkje fekk med seg starten av møtet:

10. Etter søknad har Kviteseid sokn fått kr 50.000 frå Knif Trygghet Forsikring for brannverntiltak soknet har gjort dei siste åra.
11. VippsGO som vi har hatt stor glede og nytte av dei siste åra, blir lagt ned i haust. Difor er betalingsløysinga nå bygd opp på ein ny måte, og vi har i det høve vore heldige å få eit nytt Vippsnummer som er enkelt å hugse, 3850, som postnummeret i Kviteseid.
12. Tenesteytingsavtala med kommunen er revidert 26.08.20. Sjå meir under budsjetsaka 42/20
13. Komite for kyrkjelydsbasaren blir fylgt opp av kyrkjeverja med tanke på at den truleg må organiserast annleis dette året grunna pandemi og fare for smitte.

SR -sak 42/20 (FR)	Forslag driftsbudsjett 2021	MG / KS
---------------------------	------------------------------------	----------------

(Informasjon til nytt råd: Soknerådet kan ikkje vedtaka noko budsjett før kommunen har løyvd midlar over sitt budsjett. Dette forslaget er difor for at kommunen skal kunne ha eit grunnlag for si handsaming som startar snart. Vedtaket her i SR vert soknet si konkretisering av behova for 2021. Dette vert oversendt til kommunen. I januar gjer SR sitt endelege vedtak om budsjett for 2021, etter kommunen sitt vedtak i desember.)

For 2020 bad soknerådet kommunen om ein forsiktig auke i tilskotet på 2,6 % (85.000 kr). I staden vart det ein reduksjon på kr 100.000 samanlikna med 2019. (Ref. SR-sak 04/20). Dette vart kompensert noko med ein auke i festeavgifta.

For 2021 ynskjer vi difor å be om eit litt høgare tilskot enn det vi elles ville gjort, for å rette opp i litt av avviket. Budsjettet er sett opp med ein auke på 3,5 % til kr 4.244 mill. kr, ein auke på kr 144.000 frå 2020. (Ein auke på berre 2,5 % vil gje oss 34.000 kr mindre) Lønskostnadane aleine er stipulert med ein auke på 2,5 % (81.000).

Straumkostnader blir haldne på same nivå som 2020. Inventar, utstyr og vedlikehald er justert noko ned på kyrkjer og opp på kyrkjegardsdrifta.

På kapittel 113 Andre kyrkjelege føremål budsjetterer vi med to konfirmantleiarar. Det vert kr 200.000 i staden for kr 100.000. Ny trusopplærar og sekretær har høgare lønsansiennitet, men stillingsbrøken er redusert frå 65 % til 50 %, så her vert det i praksis lita endring på kostnadane.

Kyrkjeverja har bede Rådmannen om eit møte for å drøfte justering av Tenesteytingsavtala.

Kyrkjeverja meiner det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2021 er realistisk og nøkternt.

Vedlegg: Forslag driftsbudsjett 2021

AU handsama saka i AU-sak 14.20 og fatta dette vedtaket:

AU råder SR til å godkjenne det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2021, og sende det over til kommunen.

AU meinte og det kan vere interessant og nyttig om vi kan få til eit eige korona-rekneskap, for å sjå kva denne tida har ført til av endringar og kostnader.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet godkjenner det framlagde forslaget til Driftsbudsjett for Kviteseid sokn for 2021 med kr 5.019.000 i balanse mellom inntekter og utgifter. Soknerådet ber kommunen om ein

auke på 3,5 % samanlikna med tilskotet for 2020, for å ta igjen noko av reduksjonen frå 2019 til 2020. Det samla kommunale tilskotet vil då auke med kr 144.000 til kr 4,244 mill.

Informasjon under møtet: Tenesteytingsavtala med kommunen er (i dag) 26.august revidert av kyrkjeverja i møte med Rådmann og Budsjett- og strategiansvarleg i kommunen. Talfestinga er auka med kr 230.000 frå kr 148.000 (som har vore uendra i 10 år), til det meir realistiske beløpet kr 379.000. Kommunen tek over drifta og support av datamaskinane på kyrkjekontoret. Nye maskinar vert fakturert Kviteseid sokn.

Denne avtala fører til endring i budsjettet, men ikkje i tilskotet frå kommunen.

Inninformasjon lagt til etter møtet: *Det er oppdaga ein feil i regnearket med budsjettforslaget på. Det gjeld berre oppsummeringa av dei kommunale tilskota nedst på dokumentet. Rette tal er difor ført opp og uthavanaugh vedtaket under her..*

VEDTAK:

Soknerådet godkjenner det framlagde forslaget til Driftsbudsjett for Kviteseid sokn for 2021 som saman med ny tenesteytingsavtale med kommunen balanserer inntekter og utgifter med kr 5.250.000. Soknerådet ber kommunen om ein auke på 3,5 % samanlikna med tilskotet for 2020, for å ta igjen noko av reduksjonen frå 2019 til 2020. **Det samla kommunale tilskotet vil då auke med kr 119.000 til kr 3.510.000**

SR -sak 43/20 (FR)	Forslag investeringsbudsjett 2021 og investeringsplan 2021-2025	MG / KS
---------------------------	--	----------------

Soknerådet må laga eit forslag til investeringsbudsjett og 5-årsplan, og oversende kommunen. Frå 2019 er det i 5-årsplanen oppført eit årleg tilskot på kr 1,0 mill. til investeringar på kyrkjer i soknet. SR må likevel med begrunna plan vise kva dette skal brukast til.

AU fekk på sitt møte 10. august framlagt to forslag til investeringsbudsjett og 5-årsplan, men blei samde om å leggja fram berre det eine forslaget.

Forslaget til investeringsbudsjett for 2021 er i framleggsett summert til kr 2,334 mill. Prosjekta er som vedlegget viser: Reparasjon av innvendig tak i Brunkeberg, akutt behov for forsterking av støttemur ved kyrkjegarden same plass, og renovering av to nye blyglas på Kviteseid kyrkje.

Til det fyrste prosjektet er det over Statsbudsjettet via Riksantikvaren allereie løyvd kr 840.000 som ei 60 % finansiering. Dette vil det vere uklokt å takka nei til. SR vart rådført om dette på eit tidlegare møte.

Kyrkjeverja har arbeidd med nytt oppvarmingssystem til Kviteseid kyrkje. Dette er og ei stor investering, og blir utsett til 2022 for betre utgreiing og avklaring om ENØK-tilskot.

Stortinget har gjort vedtak om 50 % tilskot som vi kanskje kan søke om. Søknadsprosedyren er ikkje klar pr dd. Viss vedtaket berre vil gjelda for 2021, kan vi måtte koma tilbake til saka i haust.

Her er ein enkel oversikt over prosjekta for 2021. Sjå meir på vedlegget.

21-1 Brunkeberg kyrkje innvendige tak-sig. Riksantikvaren har altså løyvd kr 840.000 over statsbudsjettet (for istandsetjing av trekyrkjer frå før år 1800. Brunkeberg er frå år 1790).

Resten av kostnaden på 1,5 mill. kr må dekkast inn av momsrefusjon og løyvinga frå kommunen. Dette prosjektet må framleis kvalitetssikrast av uavhengige instansar som kyrkjefag-avdelinga i KA, og/eller konsulentfirma, før vi søker biskopen om godkjenning. Biskopen på si side hentar inn tilråing frå Riksantikvaren. (Dette gjeld nesten alle saker.)

21-2 Brunkeberg, akutt behov for forsterking eller reparasjon av steinmur langs sørsida av kyrkjegarden. Eit eige vedlegg syner korleis ein entreprenør ser for seg arbeidet. Ein 60 m² ny mur utanpå delar av den gamle, kan koma på kr 500.000, ein 20 m² på den mest utsatte plassen, vert berre kr 150.000. Det kan vere snakk om mykje enklare løysing òg, så kyrkjeverja forhøyrer seg med fleire entreprenørar.

19-4 Kviteseid kyrkje, reparasjon av blyglas. Det er framleis mange vindauge i Kviteseid kyrkje som må renoverast. Inneverande år er det von om å få reparert to store vindauge. I 2021 blir det sett av av kr 220.000 til dei to siste store vindauge på nord- og sør-vegg. Det som står att etter dette, er det største vindauge over inngangsdøra (ved galleriet) og fleire mindre vindauge i alle 4 hjørne av kyrkja.

Vedlegg: Forslag til Investeringsbudsjett

AU bad kyrkjeverja leggja fram for SR forslag II av alternativa AU fekk presentert og drøfta under møtet.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtar det framlagde forslaget til investeringsbudsjett for 2021 med ei ramme på kr 2.334.000, og 5-årsplanen. Soknerådet ber kommunen halda fram med løyving på kr 1,0 mill.

Investeringsbudsjettet for 2021 enda med desse prosjekta og bruttoal:

21-1 Brunkeberg kyrkje – sig på det innvendig taket kr. 1.500.000
21-2 Brunkeberg kyrkjegard forsterking av støttemur mot sør kr 150.000
21-3 Fjågesund kyrkje, brannvarslingsanlegg kr 250.000
21-4 Fjågesund kyrkje, forbetring lynvernанlegg kr 140.000

19-4 Kviteseid kyrkje, rehabilitering av fleire blyglasvindauge kr 220.000

Dette blir finansiert av momsrefusjon, investeringstilskot frå kommunen og tilskot over statsbudsjettet via Riksantikvaren (kr 840.000 til Brunkeberg prosjekt 21.1).

VEDTAK:

Soknerådet vedtar eit endra forslag til investeringsbudsjett for 2021 i forhold til det utsende. Forslaget har ei ramme på inntekter og utgifter på kr. 2.314.000 med investeringstilskot frå kommunen på kr 1,0 mill. og tilskot frå Riksantikvaren på kr 840.000. 5-årsplanen legg til grunn eit årleg investeringstilskot frå kommunen på same nivå som no. Investeringsplanen for 2021-2025 blir sendt til kommunen.

SR -sak 44/20 (SR)	Trusopplæringsplanen	MG / ML
---------------------------	-----------------------------	----------------

AU drøfta kort denne saka i AU-sak 18.20 og konkluderte slik:

AU meiner det er nok på dette møtet å informere SR om den gjeldande Trusopplæringsplanen. Trusopplæringsutvalet blir invitert for å informere om arbeidet. Vår nye trusopplærar Knut Ove Lofstad blir presentert.

Gjeldande Trusopplæringsplan vart godkjend i SR-sak 47/16 24.08.2016. Fleire mindre justeringar er gjort sidan då, og er blitt godkjent av rådgjevar for trusopplæring ved bispekontoret, Beate Frigstad.

Vi får på møtet informasjon om gjeldande trusopplæringsplan, og om arbeidet. Vi møter trusopplæringsutvalet og vår nye trusopplærar Knut Ove Lofstad.

Vi har hatt 15 % trusopplærar i 1,5 år, og i 50-60 % i eitt år.

Ein eventuell revisjon av trusopplæringsplanen kan vi koma tilbake til om eit år.

Litt økonomi: Agder og Telemark bispedøme løyver i år kr 146.000 til trusopplæringa i soknet. Dette, saman med faste gåver, eigenbetaling frå konfirmantar, ofringar og kyrkjelydsbasaren, utgjer inntektene på om lag kr 330.000. Utgiftene utan konfirmantleir, er budsjettert til kr 385.000. Vi skulle gjerne auka dei faste gåvene. Difor har vi giroen i Kyrkjebladet med moglegheit til AvtaleGiro.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa.

VEDTAK: Soknerådet takkar for orienteringa frå soknepresten og leiaren av trusopplæringsutvalet.

SR -sak 45/20 (SR)	Eventuelt	MG
---------------------------	------------------	-----------

Støttemur ved Brunkeberg kyrkjegard

Soknerådet er uroa over at arbeidet med forsterking av muren ved kyrkjegarden alt er sett i gang før endeleg vedtak er gjort og godkjenning er i orden. Ein må derfor be entreprenøren stoppe arbeidet inntil vidare og vente på godkjenning av biskop og kulturminneavdelinga i fylkeskommunen. Dersom prosjektet ikkje blir godkjent, må entreprenøren ta dei økonomiske og praktiske konsekvensane av at arbeidet er påbyrja før godkjenning er i orden.

Vedtaket er nå lagt inn i investeringsplanen for 2021.

Ref: GM og KS

Dei neste SR i 2020 er 30. september og 18. november